

REGLEMENT FOR FINANSFORVALTNINGA

1. HEIMEL

Reglementet er vedtatt i trå med Kommuneloven sin § 52 og Forskrift om kommunar og fylkeskommunar sin finansforvaltning av 05.03.2001.

2. FØREMÅL

Kommunen skal forvalta sine midlar slik at tilfredsstillande avkastning kan nåas uten at det inneber vesentleg finansiell risiko, og under omsyn til at kommunen skal ha midlar til å dekkja sine betalingsplikter.

3. MÅLSETTING

Finansforvaltninga skal:

- Innafor gitte retningsliner oppnå maksimalt netto finansresultat.
- Ivareta grunnprinsippet i kommuneloven sine føremål om optimal utnytting av kommunen sine høvelege ressursar med sikte på å kunne gi best mogeleg tilbod.
- Sikre i stor grad at kommunen sin finansielle stilling er pårekneleg.
- Bidra til stabilitet og god oversikt over lang tid.

4. RISIKOFORMER

Finansiell risiko

Finansiell risiko er knytt til usikker garanti om den framtidige verdien av plasseringa eller plikter i høve til verdien på plasseringstidspunktet, eller tidspunktet når avtalen blir inngått. Det er såleis viktig å ha ein strategi som gir den rette risikoprofilen, og at ein oppnår maksimale resultat ut frå denne.

1. Kredittrisiko

er risikoen for at långjevar ikkje får tilbakebetalt (konkursrisiko).

2. Likviditetsrisiko

er risikoen for ikkje å få tilbakebetalt i rett tid.

(Verdipapiret kan vera vanskeleg å få solgt eller det oppstår tvistar det tek tid å løysa)

3. Marknad-/renterisiko

Marknadsrisikoen er risikoen for tap som følgje av endringar i prisar og kurssvingingar i dei marknad kommunen er eksponert.

Renterisiko er risikoen for endring i verdien på eigendeler, gjeld, eigenkapital om renta endrar seg.

(Volatitet, dvs. kor mykje kursen på ein obligasjon eller eit verdipapirfond endrast med endring i marknadsrenta på 1%).

4. Valutarisiko

Valutarisiko er risikoen for endring i verdien på eigendeler, gjeld, eigenkapital på grunn av svingingar i kursen i valutamarknaden.

Administrativ/operasjonellrisiko

Risiko for at kommunen internt, eller hjå motpart i transaksjonar ikkje har tilstrekkeleg kompetansen, nok ressurser, systemer eigna kontrollrutinar til å gjennomføra kommunen sin vedteke finansforvaltning.

Risiko i aksjemarknaden

Risiko for aksjemarknaden eller det aktuelle investeringsobjektet vil stige eller falla – både på kort og lang sikt.

5. RISIKOPROFIL

Kommunen skal ha ein låg til moderat risikoprofil med fokus på å redusera i kva grad endringar i finansmarknaden vil påverka kommunen sin finansielle stilling.

6. RAMMER FOR RISIKO

Kommunen sin finansforvaltning skal drivast slik at kommunen ikkje vert påført vesentleg finansiell risiko.

Sveio kommune vil ikkje utsetje plasseringane sine med for stor risiko for tap på hovudstol. Det skal derfor takas minimal kredittrisiko. Likviditetsrisikoen skal også vera låg då kommunen på kort varsel må kunna nytta midlane til drift –og investeringsføremål.

Ein finn det forsvarleg å ta noko renterisiko.

Kravet til låg risiko er viktigare enn ønsket om høg avkastning.

For å auka mogelegheit til høgare avkastning finn ein det likevel forsvarleg å ha ein avgrensa del av kommunen sin langsiktige overskotslikviditet i eigenkapitalinstrument (t.d. aksjefond).

Det er klar samanheng mellom den gevinst ein kan få og risikoen for tap. Risikokurven ser slik ut (lågast risiko først): Bankinnskot, pengemarkedsfond, obligasjonsfond, kombinasjonsfond (obl./aksjar), internasjonale aksjefond, norske aksjefond, aksjar.

For å redusere risikoen skal pengeplasseringar spreiaast.

7. RAMMER FOR PLASSERING OG INNLÅN

A. Rammer for plassering av kommunen sin kortsiktige likviditet

- Ved val av plasseringar skal kommunen ta omsyn til kjente betalingsplikter.
- Ved plassering i bank må banken ha god eigenkapital og inntening. Løpetida for tidsinnskot i bank kan ikkje overstige 6 månader. Tidsinnskot kan ikkje utgjere meir enn halvparten av kommunen sine kortsiktige likvide midlar.
- Kommunen kan plassera likvide midlar andeler i verdipapirfond som rentefond (pengemarkeds –og obligasjonsfond). Fondet kan eiga verdipapir med eigenkapitalvektingsgrad (aksjar, ansvarlege lån, grunnfondsbevis, verdipapir utferda av industriforetak) på inntil 20% av kapitalen. Det skal ikkje vera avgrensingar på retten til å ta ut i fondet, og midlane skal alltid kunna tas ut i løpet av få dagar.
- Dersom kommunen sjølv skal stå for forvaltninga av verdipapir må ein forutsette at det er bygd opp tilstrekkeleg kompetanse på dette feltet til å ivareta denne oppgåva sjølv, samt at andre omsyn med tanke på risikospreiing, likviditet etc. er ivareteke. Ved direkte eige av

renteberande papir er det ingen beløpsgrense på kjøp av verdipapir utferda av eller garantert av den norske stat. For verdipapir utferda av eller garantert av statsforetak, kommunar/fylkeskommunar samt bankar og kredittforetak gjeld at ingen einskildplassering skal vera meir enn 15 % av kommunen sine totale kortsiktige plasseringar.

- Lån til inneverande års sine investeringar kan plasserast i pengemarknads- eller obligasjonsfond med kort funksjonstid.

Aktiv forvaltning.

Kommunen kan setja vekk forvaltninga av direkte eigde verdipapir til ein profesjonell forvaltar (aktiv forvaltning) i eit forvaltningsselskap.

B. Rammer for plassering av kommunen sin langsiktige kapital.

Langsiktig kapital er aktiva kor berre avkastning skal disponerast i perioden årsbudsjettet.(t.d. midlar frå sal av eigedommar, aksjar, næringsfond m.m.)

- Ved plassering i bank må banken ha god eigenkapital og inntening. Løpetida for tidsinnskot i bank bør ikkje overstige 12 månader.
- Kommunen kan plassera langsiktig kapital i verdipapirfond som er forvalta av eit anerkjent selskap. Det bør ikkje vera avgrensingar på retten til uttak i fonda som nyttast, og midlane skal alltid kunna tas ut i løpet av få dagar.
- Kommunen kan plassera inntil 100% av den langsiktige kapitalen sin i rentefond som eig verdipapir utferda eller garantert av den norske stat, statsforetak, kommunar/fylkeskommunar, bankar og kredittforetak. Fondet kan eiga verdipapir med eigenkapitalvektingsgrad (aksjar, ansvarlege lån, grunnfondsbevis, verdipapir utferda av industriforetak) på inntil 20% av kapitalen.
- Aksjefond skal spreia på norske, nordiske og eller fond med minst 60% europeisk plassering. Maksimum plassering i aksjefond skal ikkje overstige 30%. Aksjefond skal ha ein tidshorisont helst over 3 år.
- Kommunen kan setja vekk forvaltninga av direkte eigde verdipapir til ein profesjonell forvaltar (aktiv forvaltning) i eit forvaltningsselskap.

C. Rammer for opptak av lån.

Kommunelova gir berre høve til å ta opp lån i følgjande situasjonar:

1. Til kapitalføremål (sjå langsiktig gjeld)
2. Til konvertering av eldre gjeld (sjå langsiktig gjeld)
3. Til likviditetsføremål (sjå kortsiktig gjeld)
4. I samband med rekneskapsmessig underskot.

Sveio kommune skal forvalta kommunen sine innlån, og underteikna lånedokument etter retningslinene gitt i dette reglementet.

Styringa av låneporteføljen skal primært gjennomførast med tanke på å oppnå den ønska utviklinga i kommunen sine netto finansutgifter.

Det skal normalt hentast inn konkurrerende tilbod frå minst 2 aktørar.

Reglementet må sjåast saman med reglane i kommunelova § 50.

Rådmannen skal orientera formannskapet/kommunestyret i samband med konvertering av eldre lån og samansetninga av låneporteføljen med rentevilkår og anna som er av vesentleg interesse.

Konvertering av eldre gjeld

Refinansiering kan gjennomførast innafor lik rest avdragstid dersom det ut frå gitte økonomiske framtidsutsikter (1-3 år) blir vurdert å vera økonomisk lønnsamt.

For å minke renterisikoen skal til ei kvar tid vurderast å ha ei viss spreing når det gjeld flytande og bundne renter.

Kortsiktig gjeld

Kommunelova regulerer låneopptak til likviditetsføremål og til dekning av rekneskapsmessig underskot.

Langsiktig gjeld

Det kan tas opp budsjetterte lån for å finansiera investeringar i bygningar, anlegg og varige driftsmidlar til eige bruk.

D. Finansieringsavtalar – leasing.

Når det gjeld innviing av leasingavtalar skal reglane under pkt. C- Rammer for opptak av lån-nyttast så langt dei passar.

8. FULLMAKT TIL RÅDMANNEN

Kommunestyret gir rådmannen følgjande fullmakter:

A. Plassering av ledig likviditet og finansielle aktiva

- Velja finansinstitusjon og fondstype
- Forhandla og bestemma vilkår for plassering
- Bestemma samansetjinga av plasseringa
- Nyttja aktiv forvaltning dersom ynskeleg

B. Opptak av lån

- Velja låneinstitusjon, avdragstid og rentevilkår

9. RAPPORTERING.

Formålet med rapportering er å informera om finansforvaltninga sine faktiske resultat, samt finansforvaltninga si eksponering i forhold til dei rammer og retningsliner som er vedteke. Eksempel på eksponering er fordeling av ledig likviditet på dei einiskilde plasseringsalternativa.

Rådmannen gir formannskapet/kommunestyret ein oversikt over kommunen sine plasseringar av overskotslikviditet minst 1 gong kvart år.

Eksterne forvaltarar av finansielle transaksjonar skal rapportera til kommunen (kfr. forskriftene § 3) minimum kvart kvartal, og kommunerevisjonen skal løpande vurdere om forvaltninga skjer i samsvar med vedteke reglar.